



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske kommunestyre	26.09.2024	088/24
Giske formannskap	26.08.2024	092/24
Livsløpsutvalet	10.09.2024	039/24

Kommunale kontantstøtnadsordning i Giske kommune

Innstilling:

Giske kommunestyre avviklar frå hausten 2024 den kommunale kontantstøtnadsordninga som kommunen innførte i 2013. Jf. k-sakene 37/2013 og 34/2020.

26.09.2024 Giske kommunestyre

Gøran Follestad kom tilbake til møtet og kommunestyret var fulltallig under møtebehandling og votering i saka.

Olav Sindre Roald (TLG) fremja forslag om å oppretthalde kommunedirektøren si innstilling. Ved votering av dei to forslaga vart formannskapet sitt forslag godkjend med 14 mot 9 røyster. 1H, 2FrP, 2 TLG, 1MDG, 1V, 2Ap røysta for innstillinga.

K - 088/24 Vedtak:

Giske kommune endrar den lokale kontantstøtta til å gjelde frå den månaden barnet fyller 20 månadar til og med den månaden det fyller 31 månader.

10.09.2024 Livsløpsutvalet

Formannskapet si innstilling om redusjon i kontantstøtte i staden for avvikling vert samrøystes godkjend.

LU - 039/24 Vedtak:

Tilråding:

Formannskapet si innstilling om redusjon i kontantstøtte i staden for avvikling vert samrøystes godkjend.

26.08.2024 Giske formannskap

Saka var unntatt offentlegheit ved innkalling, men vart ved opning av saka i møtet samrøystes vedtatt offentleg.

Marit G. Alnes (KrF) fremja følgjande alternativforslag: *"Giske kommune endrar den lokale kontantstøtta til å gjelde frå den månaden barnet fyller 20 månadar til og med den månaden det fyller 31 månader."*

Forslaget frå Alnes vart godkjend med 5 mot 2 røyster. Høgre og TLG røysta for innstillinga.

F - 092/24 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommune endrar den lokale kontantstøtta til å gjelde frå den månaden barnet fyller 20 månadar til og med den månaden det fyller 31 månader .

Vedlegg

Vedtekter kommunal kontantstønad i Giske kommune frå mai 2020

UTVIDA KONTANTSTØTTEORDNING

KOMMUNAL KONTANTSTØTTEORDNING - PRAKTISK GJENNOMFØRING OG VEDTEKTER

Søknad om kontantstønad.pdf

EVALUERING AV KOMMUNAL KONTANTSTØNADSORDNING

vedtekter kommunal kontantstønad

Kommunal kontantstønad - endring av retningslinjer

Vedtekter kommunal kontantstønad i Giske kommune

Kommunal kontantstønadsordning - endring av vedtektene

Framlegg til vedtekter kommunal kontantstønad i Giske kommune 2020

Innleiing:

Giske kommune har frå hausten 2013 hatt ei eiga ikkje lovpålagt ordning med kommunal kontantstønad. Perioden for utbetaling av den kommunale stønaden har vore tilpassa den statlege kontantstønaden. Perioden for den statlege kontantstønaden er no innskrenka

Saksutgreiing:

Giske kommune innførte i k-sak 37/2013 ei prøveordning med kommunal ordning med kontantstønad frå 01.08.2013. I k-sak 27/2015 blei ordninga evaluert og innført som fast. Vedtektene blei vedtatt i k-sak 62/2013 og justert i k-sak 34/2020. Perioden ordninga skulle gjelde for blei lagt opp slik at ho skulle starte rett etter at perioden for statleg kontantstønad opphørde. Den kommunale kontantstønaden gjeld for born i alderen frå og med månaden barnet fyller 25 månader, og til og med den månaden det fyller 34 månader.

NAV har no innskrenka perioden for tildeling av statleg kontantstønad. Det kan ystast kontantstønad frå barnet er 13 månadar til og med den månaden barnet er 19 månadar. I praksis tyder dette på at det blir ei periode frå den månaden barnet fyller 20 månadar til og med den månaden barnet fyller 34 månader at foreldra ikkje har høve til å få kontantstønad. At det er ei periode mellom dei to ordningane der familieane ikkje kan få tildelt kontantstønad er lite hensiktsmessig.

Per september 2024 er det ingen som har vedtak om kommunal kontantstønad. Det ligg føre ein søknad om kommunal kontantstønad frå september 2024, og administrasjonen har fått spørsmål om endringa blir tilpassa den statlege ordninga.

Den kommunale kontantstønadsordninga er ei frivillig ordning som kommunen innførte for å bidra til at småbarnsforeldre skulle få større økonomisk valfridom med tanke på kor tidleg barna skal ta til i barnehagen. Om nokon valde kommunal kontantstønad fram for at barnet alternativt blei tildelt plass i barnehage er det økonomisk lønsamt for kommunen.

Heimelsgrunnlaget:

Kommunestyrevedtak k-sakene 37/2013, k-sak 62/2013, k-sak 27/2015 og k-sak 34/2020.

Vurdering:

Ordninga kan avviklast, men om ordninga skal halde fram bør perioden for kommunal kontantstønad tilpassast den statlege ordninga for kontantstønad.

Økonomiske konsekvensar:

Det kostar kommunen maksimal kr 40 000,- per barn det blir innvilga kommunal kontantstønad for. Ved ei avvikling av ordninga vil kommunen spare maksimalt denne summen per barn, avhengig av tal på månadar med stønad. Dersom barnet i staden for blir tildelt småbarnsplass i barnehage kan kommunen rekne med ei årleg ei auke i budsjettet til dei kommunale barnehagane eller auka tilkot til private barnehagar på omlag kr 250 000,- per barn.

Tilknyting til kommuneplan:

[Vedtekter for kommunale barnehagar | Giske kommune - Offentlege dokument \(oppdaterte versjonar\) \(ksx.no\)](#).

FN sine berekraftsmål:

SYMBOL	TITTEL	DENNE SAKA SI TILKNYTING
	MINDRE ULIKSKAP	ja
	BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN	ja

Kommunedirektøren sin konklusjon:

Kommunedirektøren vurderer det slik at den kommunale ordninga kan avviklast. Ordninga er lite i bruk. Det er få kommunar som har ei slik eiga ordning.

